

Møtebok for Vestre Slidre fjellstyre

Arkiv nr: 212

VESTRE SLIDRE FJELLSTYRE



Sak nr 15/2022

Møtedato: 16.06.2022 Møtestad: Slidre

Saksbehandlar: Kenneth Monsen

Lyse ut stilling som fjelloppsyn

Bemanningssituasjonen hjå Vestre Slidre fjellstyre er pr 01.06.2022 følgjande:

100 % stilling – dagleg leiar	(Kenneth Monsen)
20 % stilling – fjelloppsyn	(Harald Ranum – delvis pensjonist)

Totalt sett har fjellstyret disponibelt 1,7 stilling, inkl sumarvikar (10 %)

Etter at Ranum trappa ned til 20 %, og Monsen tok over som dagleg leiar har det vore vakant ca 50 % stilling. Dette er delvis løyst gjennom meir innkjøp av tenester frå tilkallingsvikar/sumarvika, men dette er ikkje ein varig god løysing.

Administrasjonen føreslår difor at det vert lyst ledig ein 40 % stilling, evt opp til 50 % dersom det vert inkludert arbeidsoppgåver som ligg til sumarvikar. Denne stillinga vil verte auka på sikt med 20 % når Ranum ynskjer å bli heiltids-pensjonist, samt at arbeidstakar sjølv kan bidra til auka tenestekjøp som gjer auka stillingsprosent.

Hovud arbeidsoppgåver er:

Oppsyn/ jakt og fiske/ driftsansvar for bygg i fjellet/ tenestekjøp.

Det kan gjes fullmakt til dagleg leiar/fjellstyreleiar å utforme annonse der følgjande minstekrav bør vere:

Utdanning på minimum bachelor-nivå innan utmark-/naturforvaltning med oppsynskurs

Inneha førerkort klasse BE og S (eller ta dette innan rimeleg tid)

God muntleg og skriftleg framstillingsevne, nynorsk målform.

Tilfredsstille krav for tildeling av begrensa politimyndighet

Når det gjeld lønn er dette styrt gjennom tariffavtale.

Etter utlysingsprosess legges det opp til at heile fjellstyret er med i tilsetjinga.

Framlegg til vedtak:

Det lyses ut inntil 50 % stilling som fjelloppsyn, og fjellstyreleiar/dagleg leiar vert gjeve fullmakt til utlysingsprosessen. Tilsetjing skjer i fjellstyremøte.

Vedtak:

Det lyses ut inntil 50 % stilling som fjelloppsyn, og fjellstyreleiar/dagleg leiar vert gjeve fullmakt til utlysingsprosessen. Tilsetjing skjer i fjellstyremøte.

Vedtaket er samrøystes.

Dette er ikkje enkeltvedtak jf. forvaltningsloven og det er derfor ikkje klagerett over vedtaket.

Vestre Slidre fjellstyre den 24.06.2022

Kenneth Monsen
sekretær

Utskrift: